Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Fylke: Vest Agder

Tilleggsspørsmålnr. 7 Herad: Lyngdal

Emne: Skav Bygdelag:

Oppskr. av: Bertine Akersmyr Gard:

(adresse): Lyngdal. G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Mest etter eiga røynsla.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): Men eg har spurt ut eldre folk frå ymse kantar av bygd. Dei er i 65–80 års alderen.

SVAR

1. Det er ikkje kjent at kröterhandlarane betalte meir for ei ku som hadde fått skav om vinteren.

2. Det er heller ikkje kjent at kukjötet blei svart og vor vanskeleg å seljå av den grunn.

3. Med den skavmengden kyrne fekk her, vor det ingen fåre for kalv og gris; men dei rekna med at mjölka blei „sterkare" når kyrne fekk skav, så dersom dei gav mykje skav og lite höy, så kunne det kan hända vera uheldig for småkalvar og små-grisar.

4. Dei som hadde små gardar, kan ein visst seia skar årvist, og dei „sette på" så mange kyr at dei visste dei hadde ikkje höy nok til å fó' dei fram. Det er kjent at ein kunne skava til eit kufor, og det blei nok ofte gjort.

5. Her er det ikkje kjent at dei brüka skavl. Det vor utbrugte ljåar som blei brukt. Det hende at når dei skulle skava dei klöyde båttane at dei brukte bandakrakken og bandakniven, (Skaft i båe endane, ikkje ljåbrot.)

6. Nei, om dei brüka stalpe som nådde opp til bjelken, vor det berre til skaving dei bruka han.

7. Dei som skar, hadde sjölv skog å ta av. Eg kjenner ikkje til at dei kjöpte eller leiga bre til

3.

9238

skaving.

8 Eg har høyrt at det ved deling av skog, blei teken omsyn til at der blei nokre almetre til kvar; men det vor ikkje teke omsyn til skavinga. Alma vor „mattre.

9. Vanleg ålmenning er det ikkje her. Her er ein såkalla statskog, men ingen kan ta skav-ved der.

10. Eg har ikkje høyrt gjete at husmennene kunne ta skav-ved i husbanden sin skog. Hadde husmennene forlite høy, gjekk dei til grannegardane og fekk litt høy av kvar i slåtorma.

11. Ordet skavhella er ikkje kjend her.

12. Eg har ikkje høyrt nokon kjenner til at gardmissen fekk skuld for å gjera noko med skav-veden.

9238

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9238